

Spørsmål til fylkesordføreren – Fylkesutvalmøte 30.1.2020

## Ny E39 frå Skei til Byrkjelo

Byrkjelo er ei av dei viktigaste landbruksbygdene i Vestland. Her legg Statens vegvesen planar for bygging av ny E39. Den nye europavegen kjem i tillegg til dagens E39. Slik vil fleire gardsbruk i bygda får jorda si under asfalt.

Sidan 2008 har 5446 dekar med matjord forsvunne her til lands som følge av veg og jernbanebygging. Nedbygginga skjer trass i at regjeringa har slått fast at eit sterkt jordvern er viktig. Mellom 500 og 600 dekar med matjord kan forsvinne berre i Byrkjelo om vegvesenet sine planar får gjennomslag.

I alt tre strekningar på E39 skal byggast rundt og nær Byrkjelo. I sør gjennom det unike landskapsområdet Våtedalen og derfrå vidare frå Klakegg mot Skei. Mot nord ny E39 med bru over Nordfjorden. Mot vest opprusting av E39 mot kommunesenteret Sandane.

Alt i alt representerer desse planane eit omfang av naturøydelegging, landskapsøydelegging og nedbygging av jordbruksjord som er utan sidestykke her på Vestlandet i nyare tid.

Spørsmål til fylkesordføreren :

1. Korleis vurderer fylkesordføreren dei planane som ligg føre for strekninga Skei-Klakegg - Våtedalen-Byrkjelo med omsyn til jordvern og landskapsvern?
2. Kva mynde har Statens vegvesen til det som til no framstår som ei overkøyning av Gloppen og Byrkjelo sine interesser i denne saka?
3. Korleis ser fylkesordføreren at Vestland fylkesting bør gå fram for å støtte Gloppen kommune i konflikten med Statens vegvesen?

Helsing

Knut Inge Andersen, Folkeaksjonen Nei til meir bompengar